



ryfylke
næringshage
blå/grønt kompetansesenter



**UTDANNING I
RYFYLKE (UIR)**

SAMFUNNSENTREPRENØRSKAP PÅ FINNØY.

- 10 STUDIEPOENG

Korleis skapa endring lokalt ?

Kurset i samfunnsentreprenørskap gir konkrete og nyttige verktøy i arbeidet med å etablera positive endringsprosessar i eit lokalsamfunn. Me vil fokusera både på sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping.

Kurset blir arrangert for første gong i Rogaland!

Student/ kursdeltakar skal få grunnleggjande kunnskap om:

- Identifisering og vidareutvikling av lokale/regionale ressursar (kunnskap, natur, kultur)
- Nyskaping og korleis slik aktivitet kan stimulerast og støttast
- Strategiar, modellar og suksessfaktorar i lokal/ regional samskaping og mobilisering. (med vekt på kommunen si rolle)



Tre samlingar:

9.-10. september

7.-10. oktober

4.-5. november

Innlevering:

Av oppgåve: 25.nov.

Presentasjon: 9. des.



Om samlingane, omfang, opptak mv.

Alle samlingane blir lokalisert til Judaberg og Finnøy kor vi skal vere fysisk tilstade. Vi overnattar i nær avstand til Rygjabø vgs. kor førelesningane vil bli gjennomført.

Kurset gjev 10 studiepoeng og består av om lag 42 undervisningstimar, rettleiing ved oppgåveskriving og gjennomføring av skriftleg eksamen.

Opptak skjer på basis av studiekompetanse eller realkompetanse. I høve sistnemnde opptaksform praktiserer HLB eit offentleg godkjent system der det kan søkjast opptak tufta på realkompetanse etter fylte 25 år.

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling- fagleg ansvarleg (HLB)

HLB er ein offentleg godkjent privat høgskule som driv forskning og utvikling samt tilbyr fleksible høgskulestudiar(også med bachelor i bygdeutvikling) med fokus på landbruk, nærings-, og lokalsamfunnsutvikling. Høgskulen ligg i Rogaland Landbrukspark på Særheim i Klepp kommune.

www.hlb.no

Målgruppe

Den primære målgruppa er: **bønder og bygdeutviklarar**, landbruksetatar, reiselivsverksemder, nøkkelpersonar i kommunar og lokalsamfunn, som leiarar, planleggarar, næringsansvarlege, næringssekskap, politikarar, prosjektleiarar, frivillige lag og organisasjonar, frivillighetsentralar, grendeutval og andre som jobbar med utviklingsarbeid. Tilsette på regionalt nivå er også målgruppe for kurset.

Fylkesmannen i Rogaland og Rogaland Fylkeskommune

har støtta tiltaket. Pris per deltakar blir derfor **kr. 3 000,-** per deltakar. I tillegg kjem overnatting og utgifter til litteratur.

For å gjennomføre studiet bør det vere 30 deltakarar.

Interessert/ påmelding ?

Ta kontakt med Heidi Skifjell, dagleg leiar i Ryfylke Næringshage på telefon 975 02 974, eller e-post: fnhage@finnoy.com

Studieplan finn du på www.synligogstolt.com

Arrangør: Ryfylke Næringshage og Utdanning i Ryfylke (UIR)